

Protokoll frå:

## Årsmøte i Lærdal Båteigarlag 2015

Årsmøte i Lærdal Båteigarlag, for foreiningsåret 2014, vart halde:

Dato: Laurdag 21.mars 2015  
Tid: kl. 12.00  
Sted: Lærdal Båteigarlag sitt klubbhus, Småbåthavna, Lærdal  
Frammøtte: 10 (9 med stemmerett)

### Dagsorden:

1. Nestleiar Rune Einemo ønsket velkomen.
2. Det vart registrert 9 medlemmer med stemmerett.
3. Til møteleder vart Per Bondli vald.
4. Skrivar: Monique Huetink.
5. Innkallinga, saman med øvrige møtedokumenter, vart sendt ut til alle medlemmer, som e-post / brevpost den 5.mars 2015. Innkallinga vart også lagt ut på heimesida til laget same dato, og det vart slått opp plakatar. Det er ikkje meldt inn saker frå medlemmer, og på møtet vart det ikkje meldt nye saker. Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknad.
6. Til å underteikne protokollen vart Kirsten Hauge og Johannes Stundal vald.

### Saksliste:

1. Årsmelding 2014.  
*Årsmeldinga vart lese av møteleiar og samrøystes godkjent.*
2. Rekneskap 2014.  
Rekneskapan for foreiningsåret 2014 låg føre i revidert stand. Dette viste overskot for driftsåret på kr.108869,00, og en bankbeholdning på kr.467807,00 pr. 31.12.2014.  
*Rekneskapan vart samrøystes godkjent.*
3. Medlemskontingent og øvrige avgifter 2015.  
Styret føreslår årsmøtet at satsane for medlemskontingent og andre avgifter i 2015 er like som satsane for 2014.  
*Samrøystes vedteke av årsmøtet.*
4. Val av styre.  
*Til nytt styre for foreiningsåret 2015 – 2016 vart følgjande vald samrøystes:*
  - 1.Leiar for eit år: Per Bondli (nyvald, etter benkeforslag på årsmøtet)
  - 2.Nestleiar for eit år: Rune Einemo (attval)
  - 3.Styremedlem for to år: Sigmund Hovrud (attvald)
  - 4.Sekretær for to år: Monique Huetink (nyvald)
  - 5.To medlemmer til valnemnda for 1 år: Kirsten Hauge (attvald) og Knut Aarethun (nyvald)

6. To revisorar for eit år: Jarle Einemo (attvald) og Jan Ingvald Erikstad (nyvald)  
Ein vara til revisor for eit år: Ragnar Sanden (nyvald)

7. Vara 2 til styre for eit år, pga vara 2 Monique Huetink vart vald til sekretær: Eystein Gaare (nyvald)

Styret 2015-2016 skal velja eit styremedlem til å vera med i valnemnda for eit år.

Styret for 2015-2016 er såleis samansett som følgjer:

Per Bondli	leiar
Rune Einemo	nestleiar
Monique Huetink	sekretær
Johannes Stundal	hamnesjef
Odd Mikalsen	styremedlem
Svein Storla	styremedlem
Sigmund Hovrud	styremedlem
Petter Ulvikbakken	vara 1
Eystein Gaare	vara 2

Valnemnd for 2015-2015:

Kirsten Hauge  
Knut Aarethun  
(1 styremedlem)

Revisorar for 2015-2016:

Jarle Einemo  
Jan Ingvald Erikstad  
Vara til revisor 2015-2016:  
Ragnar Sanden

5. Godtgjersle medlemmer av styret 2015.

Styret har føreslått for årsmøtet å la godtgjersle for styremedlemmer for 2015 vera lik som i 2014.

*Forslaget frå styret vart samrøystes vedteke.*

6. Budsjett 2015.


Styret har utarbeidet budsjettforslag, som vart vedlagt sakspapira. Summen av inntekter og utgifter balanserte med et budsjettert underskot på kr. 314450,00. Den største utgiftposten er vedlikehald av kai/bryggeanlegg med kr.475000,00. Budsjettet viser ein inntekt på kr. 362000,00. Behaldning i bank vil da ved årslutt 2015, være ca. kr.153357,00


*Forslaget frå styret vart samrøystes vedteke.*

7. Innkomne saker.

Ingen innkomne saker.

Lærdal 28. mars 2015

  
Kirsten Hauge

  
Johannes Stundal

## LÆRDAL BÅTEIGARLAG

## Regnskap 2014

## INNETEKTER

Medlemskontingent og div utleie	264 650
Salg strøm medlemmer	25 762
Refusjon strøm – ispropeller	28 693
Salg drivstoff	50 018
Div. inntekter	10 527
Sponsorinntekter	19 000

---

<b>SUM</b>	<b>396 648</b>
------------	----------------

## UTGIFTER

Vedlikehold kai / bryggeanlegg	62 760
Vedlikehold bygninger / utstyr	4 748
Strøm	33 222
Forsikringer	25 701
Drivstoff	61 088
Godtgjørelse styremedlemmer	33 000
Diverse kostnader	67 260
Årets resultat	108 869

---

<b>SUM</b>	<b>396 648</b>
------------	----------------

## EIENDELER:

I bank pr 01.10.2014	358 938
Årets resultat	108 869
<b>I bank pr. 31.12.2014</b>	<b>467 807</b>

## Forsikringsverdi etter polise

Klubbhus / naust / innbo / utstyr	2 619 000
Flytebrygger	1 700 000
<b>SUM</b>	<b>4 319 000</b>

## NOTER – IKKE HENSYNTATT REGNSKAP 2014:

Dieselbeholdning pr.01.01.14 – antall liter:	1 250
Dieselbeholdning pr.31.12.14 – antall liter:	
<b>Beholdningsendring</b>	
Faktura regnskapsføring Økonomiservice - arbeide 2014 betalbar i januar 2015:	7 166
<b>Restanse medlemsavgifter (3 medlemmer):</b>	<b>8 250</b>